

Oslo, 11. februar 1993

## R E F F E R A T

møte i gjetarhundnemnda tysdag den 9. februar kl 10.00 på lagskontoret i Parkveien 71.

Desse var med på møtet: Jon Sand  
Liv Oddny H. Hindenes  
Kjell Kristoffersen  
Jon H. Sæther  
Kristian K. Kleppe  
Arne Flatebø (sekretær)

### Sakliste:

- 01/93 Innkalling og sakliste.
- 02/93 Referatsaker.
- a. Brev fra NKK datert 4. juni 92.  
"Nye lovnormaler for raseklubber"
  - b. Brev fra NKK datert 9. juni 92.  
"Normalretningslijer for avlsråd"
  - c. Brev frå NKK datert 12. januar 93.  
"Norsk Kennel Klubs 32. ordinære representantskapsmøte, 24. april 1993 "
  - d. Brev frå NKK datert 21. januar 93.  
"Norsk Kennel Klubs oppdretterår 1993"
- 03/93 Arbeidsplan 1993
- 04/93 Gjetarhundprøver 1993/Oppnemning av gjetarhunddommarar
- 05/93 Bruksprov/innrapportering av resultatata frå gjetarhundprøvene. Forslag til endring frå gjetarhundnemnda i Nord-Trøndelag
- 06/93 Avlsarbeid - Skal nemnda anbefale bestemte hannhundar?
- 07/93 Norgesmeisterskapet 1993

08/93      Eventuelt

**SAK 02/93 REFERATSAKER**

- a.    Brev fra NKK datert 4. juni 92  
      "Nye lovnormaler for raseklubber"
- b.    Brev fra NKK datert 9. juni 93  
      "Normalretningslijer for avlsråd"
- c.    Brev frå NKK datert 12. januar 93  
      "Norsk Kennel Klubs 32. ordinære  
      representantskapsmøte, 24. april 1993 "
- d.    Brev frå NKK datert 21. januar 93  
      "Norsk Kennel Klubs oppdretterår 1993"

Vedtak:

- a. Jon Sæther og sekretæren utformar forslag til lover for  
      begge raseer til neste møte.
  - c. Norsk sau- og geitalslag sin utsending til  
      representantskapsmøte i NKK den 24. april skal vere Jon  
      Sand med Kristian K. Kleppe som vararepresentant.  
      Sekretæren undersøker om kor lang tid i forvegen  
innmelding        som direktemedlem i NKK må gjerast, for å kunne  
vere                utsending til represemntantskapet.
- b og d tok nemnda til orientering.

**SAK 03/93 ARBEIDSPLAN 1993**

Nemnda hadde ein brei diskusjon om ulike aktivitetar på  
gjetarhundfronten i 93. Det vart gjort følgjande vedtak:

Vedtak:

Oppdretteråret 93:

Liv Oddny H. Hindenes lagar saman med sekretæren, ein enkel  
trykksak som skal tene som retningsliner for nye  
kvelpekjøpara.

Instruktørkurs:

Oppland 31. mars til 2. april.

Nemnda held også moglegheitene opne for å halda kurs andre stader dersom det kjem ønskje om det, men då mot at arrangøren tar alle kostnadane.

Dommarkurs:

Det skal haldast dommarkurs i Troms for alle dommarar og dommarelevar frå Sør-Trøndelag og nordover, siste halvdel av juni. Instruktørar skal vere Kristian K. Kleppe og Jon H. Sæther.

For dommarar/dommarelevar sør for Sør-Trøndelag tar ein sikte på å halda kurs på Semb i Asker i månadskiptet juni/juli. Instruktørar her skal vere Jon Sand, Kristian K. Kleppe og Liv Oddny H. Hindenes.

Det skal lagast ein serie overheadplansjer til bruk på kursa.

Landskamp:

Landskampen mot Sverige skal i år haldast i Sverige. Datoen er fastsett til laurdag 21. august. Uttaking vil bli som siste året. Det vil sei at dei 10 første frå NM siste året er automatisk kvalifisert. Dei andre 5 plassane og eventuelle reserveplassar skal takast ut etter uttaksprøva på Golsfjellet den 14. og 15. august.

Det vil i år bli konkurrert etter internasjonale reglar der også deling av flokk vil i inngå.

#### **SAK 04/93 GJETARHUNDPRØVER 1993/OPPNEMNING AV GJETARHUNDDOMMARAR**

Nemnda diskuterte om Norgesserien skulle vidareførast frå 92. Nord-Trøndelag som hadde det koordionerande ansvaret for opplegget i fjor og som kom med den opprinnelege ideen, hadde lagt fram eit evalueringresultat av opplegget. Nemnda la vekt på det som kom fram i svara frå deltakarane frå i fjor.

Nemnda gjekk gjennom listene over dommarar og dommarelevar og gjorde mindre endringar.

Vedtak:

Norgesserien vert å kjøre etter same opplegg som i 92. Dei to siste helgene før NM, dvs. 2. - 3. oktober og 9. - 10. oktober, skal reserverast for fylkesprøvene.

Dommarlista skal leggjast fram for styret i førstkomande styremøte i laget.

**SAK 05/93 BRUKSPROV/INNRAPPORTERING AV RESULTATA FRÅ  
GJETARHUNDPRØVENE. FORSLAG TIL ENDRING FRÅ  
GJETARHUNDNEMNDA I NORD-TRØNDELAG**

Gjetarhundnemnda i Nord-Trøndelag har i brev til landsnemnda kome med forslag til forenkling av sekretærarbeidet ved avvikling av gjetarhundprøvene og betring/forenkling av oversikten over oppnådd resultat pr. hund pr. prøveår. Forslaget går ut på følgjande:

1. Noverande "Bruksprov" bir å ta ut av bruk. Kun "Samleskjema" skal sendast inn til lagskontoret.
2. Etter avslutta prøvesesong skal oppnådd resultat på alle prøver som ein hund har delteke på, sendast eigar på eige dataliste.
3. Alle datautskrifter for hundar som i løpet av året har delteke i FM, skal samlast i ei enkel mappe som skal tilbydast alle interesserte for kjøp til selvkost.

Vedtak:

Sekretæren ser nærare på om dette kan la seg kjennomføre utan for store endringar i programmet og for store kostnader.

**SAK 06/93 AVLSARBEIDET - SKAL NEMNDA ANBEFALE BESTEMTE  
HANNHUNDAR?**

Det vart lagt fram liste som viste gjennomsnittleg prøveresultat for avkomma etter dei mest brukte hannhundane og HD-resultatet for avkommet etter dei hannundane med meir enn 10 røntga avkom.

Det blei så diskutert korleis ein skal bruke desse listene utan at dei blir missbrukt.

Vedtak:

Lista over gjennomsnttleg prøveresultat for dei mest brukte hannhundane skal sendast formennene i fylkesnemndene. Det må sterkt understrekast at listene er berre eit hjelpemiddel for fylkesnemndene når dei får spørsmål om aktuelle hannhundar til bruk i avlen og ved kvelpeformidlinga. Det vil vere mange eigenskapar som må vektleggjast ved slike vurderingar og som lista ikkje gjev svar på. Dessutan varierar tal prøvde avkom pr. hannhund så mykje at tala heller ikkje utan vidare kan samanliknast hanhundane imellom.

Lista over HD-resultatet for avkommet skal ikkje distribuerast. Derimot stadfesta nemnda tidlegare vedtak om at eigarar av hannhundar med fleire enn 10 røntga avkom som har meir enn 20 % med HD, skal tilskrivast slik at dei blir kjent med forholdet.

### **SAK 07/93 NORGESMEISTERSKAPET 1993**

Brev frå gjetarhundnemnda i Hedmark som skal halda NM 1993 den 16. og 17. oktober, var lagt ved sakspapira. I brevet søkjer dei om å halde NM-prøva med kryssdriving og utsending og opphentin på 350 meter. Vidare søkjer dei om å få auka deltakartale til 70 pluss NM-meisteren frå 93.

#### Vedtak:

Utsendingsavstanden meiner nemnda bør vere i samsvar med reglane, dvs. 200 til 300 meter.

Deltakartalet meiner nemnda skal vere 60 pluss NM-meisteren fra 1992.

Det skal arrangerast finale for dei 10 best etter første omgang. Finalen skal legjast opp slik at den som var nr. 10 etter første omgang starter først og den som leiar sist. Poenga frå første omgang og finalen skal legjast saman og den med høgast poengsum vert NM-vinnar.

Nemnda skal søkje styret i Nsg om å få dispensasjon frå reglane for gjetarhundprøver for å arrangere fylkesmeisterskapa for dei fylka som ønskjer det, og NM med kryssdriving.

### **SAK 08/93 EVENTUELT**

Maksimumtid på gjetarhundprøvene:

Det har vist seg at svært få deltakarar brukar så mykje som 15 minutt får å gjennomføre ei prøve. For dei som tida renn ut for skuldast det som regel at dei ikkje får sauene inn på kvea, og då har dei som regel missta alle poenga på kvea lenge før tida er ute.

#### Vedtak:

F

Nest siste avsnitt i dommarinstruksen av 17. juni 1991 skal endrast til: "Maksimaltida skal vere 10 minnuttar. Under spesielle forhold kan dommaren fastsetja ei maksimaltid som er lengre."

Arne Flatebø